

Saksbehandlar: Inge Horstad, Knut Gunnar Fonn, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 14/465-2

Høyring: Ferjeruter Anda - Lote ved neste kontraktsperiode

Framlegg til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Opsjonen på ferjesambandet bør ikkje nyttast. Ny kontraktsperiode bør vere frå januar 2017.
2. Det må leggjast til rette for ei 2-ferjeløysing med 20 minutts avgangar på ferjestrekka Anda-Lote i tidsrommet kl. 07.00 - 19.00. I tidsrommet kl. 19.00 - 07.00 må rutetilbodet vere som i forslaget til nye ruter frå Statens Vegvesen (SVV).
3. Dersom det ikkje vert valt ei 2-ferjeløysing, må det vere tilgjengeleg reserveferje som er klar til å setjast i trafikk innan 6 timar.
4. Det må vere tilstrekkeleg rom i rutetabellen slik at det er høve til å køyre seg inn att i ruta ved mindre forseinkingar.

Vedlegg:

Høyringsbrev frå Statens Vegvesen
Forslag til ny rutetabell frå Statens Vegvesen

Andre dokument som ikkje ligg ved: 0

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Statens vegvesen (SVV) førebur neste anbudsperiode på riksvegferjesambandet Lote-Anda. Dei har no sendt ut på høyring eit forslag til ny rutetabell.

Dagens kontrakt går til 31.12.2016 med opsjon på forlenging i eit år. Det er ikkje endeleg bestemt om opsjonen skal nyttast eller ikkje, så oppstart av neste kontraktsperiode blir enten januar 2017 eller januar 2018. I denne saka vert høyringsutkastet drøfta.

Historikk


Lote-Anda er det tredje største ferjesambandet i Sogn og Fjordane, etter Mannheller-Fodnes og Lavik-Oppedal. Sambandet vert operert med ei ferje og har halvtimesfrekvens på dagtid. Det er lang opningstid med fleire avgangar også på nattetid.

Ferjesambandet ligg på E39 som er hovudferdsleåra nord-sør på vestlandet. Sambandet har og mykje regional trafikk over Nordfjorden.

Trafikkutviklinga

Tabellen under syner trafikkutviklinga for alle ferjesambanda i Sogn og Fjordane frå 2007-13 (fylkeskommunale og statlege samband drifta av SVV). Det er laga egne kurver for dei 3 største sambanda (målt i personbileiningar). I tillegg viser kurva «Øvrige samband» *summen* for alle dei andre sambanda.

Personbileiningar



Trafikk og frekvens på andre samband

Tabellen under syner trafikk og frekvens på våre største ferjesamband samanlikna med nokre samband nord for oss (2013-tal).

Ferjestrekke	Personbileiningar	Frekvens	Tal avgangar
Manheller - Fodnes	1 154 383	20 minutt	54
Anda - Lote	831 496	30 minutt	37
Lavik - Oppedal	1 072 672	30 minutt	36
Molde - Vestnes	1 499 059	30 minutt	37
Festøya-Solavågen	1 080 037	30 minutt	41
Halsa - Kanestraum	685 252	30 minutt	40
Folkestad - Volda	218 390	30 minutt	34

Vedtak i fylkestinget

Fylkestinget vedtok i sak 1/12 Konseptvalutgreiing E39 Skei – Ålesund m.a. følgjande:

«Bru Anda-Lote må prioriterast i Vestlandsrådet sitt arbeid for ferjefri E39. I påvente av realisering av brua må ferja Anda-Lote ha ein betra rutefrekvens (15 eller 20 minutt) slik at det vert minst mogleg stopp grunna venting på ferje.»

SVV sitt Høyringsframlegget

Høyringsframlegget frå SVV er mykje likt det som har vore tidlegare. Det er lagt til nokre fleire avgangar, og teke bort nokre avvik frå dei stive rutetidene.

Måndag - fredag				Laurdag				Søndag			
Frå Lote		Frå Anda		Frå Lote		Frå Anda		Frå Lote		Frå Anda	
Dagens rute	Forslag til ny rute	Dagens rute	Forslag til ny rute	Dagens rute	Forslag til ny rute	Dagens rute	Forslag til ny rute	Dagens rute	Forslag til ny rute	Dagens rute	Forslag til ny rute
23:45	00:00	00:00	00:15	23:45	00:00	00:00	00:15	23:45	00:00	00:00	00:15
	01:00		01:15	01:50	01:00	02:05	01:15		01:00		01:15
01:50	02:00	02:05	02:15		02:00		02:15	01:50	02:00	02:05	02:15
04:00	04:00	04:15	04:15	04:00	04:00	04:15	04:15				
05:30	05:30	05:45	05:45	05:30	05:30	05:45	05:45				
06:00	06:00	06:15	06:15	06:00	06:00	06:15	06:15				
06:30	06:30	06:45	06:45								
07:00	07:00	07:15	07:15	07:00	07:00	07:15	07:15	07:00	07:00	07:15	07:15
07:30 a	07:30 a	07:45	07:45	07:30	07:30	07:45	07:45				
08:00	08:00	08:15 a	08:15 a	08:00	08:00	08:15	08:15	08:00	08:00	08:15	08:15
08:30	08:30	08:45	08:45	08:30	08:30	08:45	08:45				
09:00 a	09:00 a	09:15	09:15	09:00	09:00	09:15	09:15	09:00	09:00	09:15	09:15
09:30 b	09:30 b	09:45	09:45	09:30	09:30	09:45	09:45		09:30		09:45
10:00	10:00	10:15 c	10:15 c	10:00	10:00	10:15 c	10:15 c	10:00	10:00	10:15 c	10:15 c
10:30	10:30	10:45	10:45	10:30	10:30	10:45	10:45	10:30	10:30	10:45	10:45
11:00	11:00	11:15	11:15	11:00	11:00	11:15	11:15	11:00	11:00	11:15	11:15
11:30	11:30	11:45	11:45	11:30	11:30	11:45	11:45	11:30	11:30	11:45	11:45
12:10 c	12:00 d	12:30	12:15	12:10 c	12:00 d	12:30	12:15	12:10 c	12:00 d	12:30	12:15
	12:30		12:45		12:30		12:45		12:30		12:45
13:00	13:00	13:15	13:15	13:00	13:00	13:15	13:15	13:00	13:00	13:15	13:15
13:30	13:30	13:45 c	13:45 c	13:30	13:30	13:45 c	13:45 c	13:30	13:30	13:45 c	13:45 c
14:00	14:00	14:15	14:15	14:00	14:00	14:15	14:15	14:00	14:00	14:15	14:15
14:30 c	14:30 c	14:45	14:45	14:30 c	14:30 c	14:45	14:45	14:30 c	14:30 c	14:45	14:45
15:00 a	15:00 a	15:15 a	15:15 a	15:00	15:00	15:15	15:15	15:00	15:00	15:15	15:15
15:30	15:30	15:45	15:45	15:30	15:30	15:45	15:45	15:30	15:30	15:45	15:45
16:00	16:00	16:15 a	16:15 a	16:00	16:00	16:15	16:15	16:00	16:00	16:15	16:15
16:30 a	16:30 a	16:45	16:45	16:30	16:30	16:45	16:45	16:30	16:30	16:45	16:45
17:00	17:00	17:15	17:15	17:00	17:00	17:15	17:15	17:00	17:00	17:15	17:15
17:30	17:30	17:45 b	17:45 b	17:30	17:30	17:45	17:45	17:30	17:30	17:45	17:45
18:00	18:00	18:15	18:15	18:00	18:00	18:15	18:15	18:00	18:00	18:15	18:15
18:30	18:30	18:45 c	18:45 c	18:30	18:30	18:45 c	18:45 c	18:30	18:30	18:45 c	18:45 c
19:00	19:00	19:15	19:15	19:00	19:00	19:15	19:15	19:00	19:00	19:15	19:15
19:30	19:30	19:45	19:45		19:30		19:45	19:30	19:30	19:45	19:45
20:00 c	20:00 c	20:15 a	20:15 a	20:00 c	20:00 c	20:15	20:15	20:00 c	20:00 c	20:15 a	20:15 a
20:30	20:30	20:45	20:45		20:30		20:45	20:30	20:30	20:45	20:45
21:00	21:00	21:15	21:15	21:00	21:00	21:15	21:15	21:00	21:00	21:15	21:15
21:30	21:30	21:45	21:45					21:30	21:30	21:45	21:45
22:00	22:00	22:15	22:15	22:00	22:00	22:15	22:15	22:00	22:00	22:15	22:15
	22:30		22:45						22:30		22:45
23:00	23:00	23:15	23:15	23:00	23:00	23:15	23:15	23:00	23:00	23:15	23:15
37	40	37	40	33	37	33	37	30	34	30	34

a ordinære bussruter
b sjukehusbussen
c ekspressbuss Ålesund - Førde
d brot på samband

Konsekvensar av SVV sitt forslag

Reisande med bil/lastebil

Dei reisande får fleire avgangar og stivare/meir forutsigbare rutetider.

Buss

Stive rutetider gjer at ferjeruta ikkje kan tilpassast annan rutegåande trafikk. Dette fører til mindre optimaliserte ruteløp med meir ventetid og/eller øydelagde korrespondansar. Fleire avgangar og hyppigare frekvens reduserer desse ulempene. Med 20 minutts frekvens vil det vere lettare å finne gode løysingar.

Ved førre store rutejustering (2009) vart rutetidene til sjukehusbussen justert. Bussruta måtte då sløyfe fleire korrespondansar for å rekke ferja. Forslaget til ny rutetabell vidarefører desse utfordringane.

Sørggåande ekspressbuss frå Ålesund nyttar i dag ferja frå Lote kl. 12.10. Dette avviket i ferjetida vart i si tid gjort for å ivareta denne bussruta. Sidan ferjetidene er for stramme til å ta att 10 minutt, vart ein rundtur sløyfa for å komme inn att på stiv rutetid.

I det nye forslaget vert det lagt opp til stive rutetider heile dagen utan unnatak. Dette gjer at denne bussruta må reorganiseras. Stive bussrutetider ut frå Ålesund gjer at dei reisande må reise 1 time tidlegare frå Ålesund og ein halvtime tidlegare frå Volda. Reisetida Ålesund - Førde aukar då med 1 time. Alternativt kan ruta gå som i dag, men 20 minutt seinare frå Anda og sørover til Førde. Ruta misser då korrespondansen på Skei med bussen til indre Sogn, Hallingdal og Oslo. 20 minutts ruter over Lote-Anda vil løyse dette problemet.

Fly

Opningstidene på ferjesambandet tek i vare dei reisande til og frå Anda lufthamn. Ein ekstra kveldsavgang frå Anda kl. 22.45 er positivt for dei som kjem med kveldsflyet.

2. Vurderingar

Bussruter

Stive rutetider har både fordelar og ulemper. På samband med låg frekvens og i hovudsak lokaltrafikk er det vanleg med rutetider tilpassa større brukargrupper sine reisebehov, t.d. arbeidstider, skuletider, bussruter og andre ferjesamband.

På meir høgfrekvente samband med mykje gjennomgangstrafikk er det vanleg å innføre stive rutetider.

Utfordringane knyter seg spesielt til bussruter. Bussrutene har korrespondansar, andre ferjesamband og andre klokkeslett å halde seg til. Stive ferjeruter som ikkje kan samordnast med bussrutene, gir brotne korrespondansar og dårlegare ruteframføringstid for bussane.

Ved førre korsveg vart sjukehusbussen råka. I denne runden er det ekspressbussen frå Ålesund kl. 09.00 til Førde som vert skadelidande.

Fordelane ved stive rutetider på Anda – Lote vert vurdert til å vere større enn ulempene. Når det gjeld bussruta mellom Møre og Sogn og Fjordane er det behov for eit betra samarbeid mellom fylkeskommunane, slik at ein kan få til gode fylkesoverskridande samband i fellesskap. Dette spørsmålet vil bli drøfta i ei anna sak.

Frekvens, punktleghet og reservefarty

Eit mykje trafikkert samband som Anda-Lote må ha tilfredstillande frekvens og driftssikkerheit.

God frekvens er bra for alle reisande. Dei gjer det og enklare å arbeide fram gode og effektive kollektivløysingar med buss.

Det er viktig at det i rutetabellen er lagt inn tilstrekkeleg med tid til at ferjene klarer å utføre rutene utan forseinkingar som forplantar seg utover dagen. Det må vere lagt inn marginar slik at ein kan ta inn att mindre forseinkingar.

Sambandet vert i dag drive med ei ferje. Dette er ei sårbar løysing ved driftsproblem. To ferjer i sambandet vil gje rom for auka frekvens i tillegg til god driftsstabilitet. Dersom SVV ikkje har høve til å prioritere to ferjer i sambandet, må der uansett vere ei ferje nr. 2 tilgjengeleg på Nordfjorden, slik at sambandet er operativt mindre enn 6 timar etter eit ev. driftsavbrot.

Alternative omkøyringsvegar

Det er fleire måtar å krysse Nordfjorden på. Det er to ferjesamband med omkøyringsvegar lenger vest, og det er ein fylkesveg innerst i fjorden. Trafikken på E39 har auka mykje dei siste åra. Spesielt gjeld dette tungtrafikk. Ingen av omkøyringsvegane er i dag bygde for å ta unna mykje tungtrafikk. Det er difor viktig med god driftsstabilitet på sambandet Anda - Lote.

3. Konklusjon

Frekvens og driftsstabilitet er viktig på eit mykje trafikkert samband som Lote-Anda. Med 2 ferjer i sambandet kan frekvensen aukast samstundes som driftsstabiliteten vert betra.

Det må leggst til rette for ei 2 ferjeløysing med 20 minutts avgangar på ferjestrekka Lote-Anda.

Dersom det ikkje vert ei 2 ferjeløysing, må det vere tilgjengeleg reserveferje som er klar til å setjast i trafikk innan 6 timar.

Det må vere tilstrekkeleg rom i rutetabellen slik at det er høve til å køyre seg inn att i ruta ved mindre forseinkingar.